# Referat frå Sokneràdsmøte onsdag 06.04.2016 kl.19.00

**Desse møtte:**
Inger Lise Berge, Marit Gotuholt,  Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen, Hans Kristian Aabø,Håkon Birkeland,Kirsten Salmelid, 1.vara Reidun Øverbø Fisketjønn.
Kommunens representant Tore Åsland vart ikkje innkalla då det ikkje var fellesrådsaker på dette møtet.
Trusopplerar: Stine Baeate Mondal Ljosland.
Fråfall: Vidar Syrtveit Mikalsen, Magnhild Kvalbein og sokneprest Hallvard Jørgensen.

Åpning v/Håkon

| | | |
|---|---|---|
| **Sak 22/16 (SR)** | **Innkalling og saksliste** | HB |
| | *Forslag til vedtak:*<br>Referatet frå soknerådsmøtet 02.03.2016 vart godkjend med dei endringar og tilføyingar som kom fram på møtet.<br>**Vedtak:** Samrøystes godkjent utan tilføyingar. | |
| **Sak 23/16 (SR)** | **Godkjenning av referat fra soknerådsmøte 02.03.2016** | HB |
| | Er det naudsynt med litt meir formelt referat? I motsetnad til tidlegare referat frå alle sokneråda, skal referata nå sendast til m.a. ordfører, rådmann, rekneskapsfolk og revisor. Det er då naudsynt at det vert nytta fulle namn og ikkje for mykje stikkord. Kyrkjevergen har difor endra referatet frå soknerådsmøtet i trå med dette.<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>Referatet frå soknerådsmøtet 02.03.2016 vart godkjend med dei endringar og tilføyingar som kyrkjevergen hadde gjort.<br>**Vedtak:** samrøystes godkjent. | |
| **Sak 24/16 (SR)** | **Post og meldingar** | HB |
| | 1. Avskjedsgudsteneste med sokneprest Torstein Eidem Nordal, med takkefest på misjonshuset<br>2. Brev frå prost Asgeir Sæle vedr. vedr. leiartreningsopplegget 'Ønsket og elsket' (ligg ved)<br>3. Forsikring av båreteppe. Det vert ikkje forsikra. Det har verdi på ca kr 30.000,- Kostar kr 1000,-/år å forsikre. Oppbevarast på gravferdsbyrået. Det er ikkje forsikra nå.<br>4. Møte i arbeidsutvalet (AU) 15.03.2016. Referatet med vedlegg ligg ved. | |

| | | |
|---|---|---|
| | 5. Frivillig gjevarteneste? Til til dømes å lønne ein 1.åring, ungdomsprest o.l. Dette er ein av tinga vikarprest Rune Lia vil jobbe/bidra med mens han er her. Vi ynskjer dette.<br>6. Pynting av kyrkja 17.-mai ved kyrkjelydsutvalet. Hans Kristian Åbø sa seg villig til å ta organisere dette.<br>7. Diakonimøte 3.april 2016, etterfulgt av gudsteneste og utdeling av «Diakoniprisen». Fest på misjonshuset etterpå.<br>8. Marit Gotuholt refererte frå årsmøtet i «Kirkens SOS. Er ressursar å hente viss ein vil ha temakveldar, kurs osv. Marit Gotuholt arbeider vidare med dette.<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>Orienteringane vart tekne til vitande.<br>**Vedtak:** Orienteringane vart tekne til vitande. | |
| **Sak 25/16 (SR)** | **Trusopplæringsprosjektet.** | SBML |
| | Prosjektleiar Stine Beate Mondal Ljosland orienterer generelt om trusopplæringsprosjektet og om kor langt prosessen er kommen for Kviteseid spesielt, og Vest-Telemark generelt.<br>Planen for Kviteseid arbeides med våren 2016. Mykje til planen hentast frå pkt '7.5 om Trusopplæringsarbeidet' i Bispevisitasmeldinga som ligg ved. Den ferdige plane for Nissedal ligg ved. Soknerådet bes spesielt sjå på punkta: *Hovudmål, Grunnlag og særpreg, og Organisering, rammer og ansvar*. For Kviteseid skal kyrkjevergen skrive desse punkta og treng innspel. Vil trusopplæringsutvalet vera med i prosessen?<br><br>Trusopplæringsutvalet (Vidar Syrtveit Mikalsen, Eli Rognsvåg og Gunnar Salmelid, saman med Håkon Birkeland og Kirsten Salmelid har møte saman med prosjektleiar Stine Beate Mondal Ljosland 31.mai 2016 kl.17.00 for å sjå på og gå igjennom trusopplæringsplanen.<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>Orienteringane vart tekne til vitande og punkt til trusopplæringsplanen for Kviteseid vart notert.<br>**Vedtak:** orienteringane vart tekne til vitande | |
| **Sak 26/16 (SR):** | **Tilsettingsprosessen for ny sokneprest** | HB |
| | 1. Orientering om eventuelle søkjarar<br>Ingen søkjarar, fristen vert forlenga med 1 månad. Er det då heller ikkje søkjarar vert det ny utlysing.<br>2. Val av ein representant frå soknerådet til intervjuutvalet i bispedømet.<br><br>*Vedlegg frå bispedømekontoret:* | |

| | | |
|---|---|---|
| | • Framtidsplan for tilsetting av sokneprest i Kviteseid Sokn 2016<br>• Brev til soknerådet<br>• Utlysing soknepreststilling<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>Soknerådet tek orienteringa til vitande og vel Håkon Birkeland til å representera rådet i intervjuutvalet i bispedømme.<br>**Vedtak:** samrøystes vedteke. | |
| **Sak 27/16 (SR)** | **Årshjul for Kviteseid sokn** | HJ |
| | Når Kviteseid sokn etterkvart går frå å ha1,5 til 1,0 årsverk på sokneprest-stilling, må talet på forordna gudstenester reduserast tilsvarande. Prosten seier vi skal gå frå 72 til 52 forordna gudstenester kvart år.  Organist Dagfinn Køhn og sokneprestane Hallvard Jørgensen og Torstein Eidem Nordal har utarbeida eit forslag til nytt årshjul. Her er ikkje alle sundager i kyrkjeåret listeført, men berre gudstenester som inneheld særskilt program og tider. Ny detaljplan for hausten 2016 vert utarbeida i april. Kan bli lagd fram på møtet viss den blir klar.<br><br>*Vedlegg:*<br>1. Årshjul for Kviteseid sokn<br>2. Gjeldande gudstenesteliste for 2016<br><br>*Forslag til vedtak:*<br>Soknerådet tek orienteringa til vitande og takkar for arbeidet. Soknerådet seier seg leie for at det vert færre årsverk for sokneprest-stilling og færre gudstenester.<br><br>**Soknerådet kom med forslag til forandringar på haustplanen:**<br>Gudstenesta på Undeberge 3. juli vert ståande, mens gudstenesta 13. november vert sløyfa.<br>Gudstenesta på Tjønnstaul vert sløyfa, eller flytta til Brunkeberg kyrkje.<br>Adventkonsert er ikkje med i dei forordna gudstenestene (tilføyd av kyrkjevergen etter møtet)<br>Sterkt ynskje om gudsteneste i Kviteseid 24. desember. | |
| **Sak 28/16 (SR)** | **Eventuelt.**<br>1. Samtalegudsteneste med konfirmantane 1.mai. Fotografering av konfirmantane og presten vert rett etter gudstenesta. Hans Kristian Åbø m/ kyrkjelydsutvalet tek initiativet til samling og fest på misjonshuset.<br>2. Avsluttningsfest for Hallvard Nordbø Jørgensen 26/6 2016.<br>3. Håkon Birkeland orienterte litt frå «Jubileumskomiteen» | |

| | | |
|---|---|---|
| | 4. Datoar for dugnad ved kyrkjene:<br>Kviteseid Kyrkje 26/4 2016.<br>Kviteseid Gamle Kyrkje 2/5 2016.<br>Vrådal kyrkje 2/5 2016.<br>Fjågesund Kyrkje 2/5 2016.<br>Brunkeberg Kyrkje 9/5 2016.<br>Alle stader kl.17.00<br>5. Orientering frå Kyrkjevergen ang. gravstell og sjølvanningskasser, kjem med prisoverslag på neste møte.<br>6. Ein som ynskjer å lage eit kopi av eit krusifiks frå Kviteseid Gamle Kyrkje som er i oldsakssamlinga. Det takkar soknerådet JA til.<br>7. Reservestolane i Kviteseid Kyrkje er stygge og gamle. Frå tilsette var det forslag om og byte stolar med Kilen Kapell. Det kom det innvendingar imot. Må undersøkast om det er ei gåve? Rømningsvegane må alltid vere klare. Det bør difor ikkje nyttast lause stolar. Det må ikkje vere fleire i kyrkja enn det er plass til i forhold til brannforskriftene. | |

Refr. G.K. Eikåsen.